

## **Referat frå møte i FAU v/Bygstad skule, 27. januar 2025**

Møtet vart gjennomført etter innkalling frå Ingeborg Grinde (leiar FAU).

### **Deltakarar**

Stian Neset (rektor, sak 1-3), Ingeborg Grinde, Hilde Marie Solheim, Ole Magnus Mo, Hanne Mundal, Håvard Korsvoll, Ida Cecilie Systad (vara for Jeanette Haugsbø), Linn Terese Engvik

### **Agenda:**

#### **1. SFO**

Orientering v/May Linn Hellebust: I år er det fleire elevar på SFO enn før og også ein del nye vaksne. Etter ein innkøyningsperiode har ein no kome inn i rutinene. Lokalet er litt lite og støyete med såpass mange born, men ein har både hallen og uteområde som brukast. Har gjort nokre endringar knytt til organisering for å ta høgde for tal elevar.

Skulen sjekkar opp i om SFO har hatt foreldrekontakt tidlegare.

#### **2. Elevundersøking og nasjonale prøver**

Rektor orienterte om kartleggingsverktøya Sunnfjordskulen gjennomfører, og resultata for Bygstad skule:

- Kartlegging i lesing og rekning (1.-4. klasse): Her scorer Bygstad skule grønt og har ingen elevar på IOP.
- ESPA-undersøking (sosial kartlegging 1.-3.): Ingen som er utanfor, alle trivst sosialt.
- Spekter-undersøking (kjensle av tilhørsle): Her ser visse utfordringar i enkelte klassar, men skulen føler ein har kontroll og jobbar målretta med tiltak etter behov.
- Nasjonal prøve 5. klasse: Her får ein ikkje offentleg innblikk i korleis andre skular scorar. Inntrykket er at Bygstad ligg godt an ift. Sunnfjordskulen. Satsingsområdet til Sunnfjordskulen er begynnaropplæring og basisfag.
  - Engelsk: nasjonalt noko därlege resultat. Resultata for Bygstad skule er betre enn venta, og betre enn i fjor. Målet er å ha færrast mogleg elevar på nivå 1.
  - Lesing: skulen ligg på det jamne ift. nasjonalt snitt. Dette har vore eit satsingsområde over mange år, og skulen hadde håpa på noko betre resultat. Skulen jobbar aktivt med tiltak slik at fleire kjem opp på høgare nivå. Ein har også fokus på delingskultur slik at gode undervisningsopplegg kan brukast på tvers av trinn.
  - Rekning: Veldig godt resultat, der ein har mange på høgste nivå.
- Elevundersøkinga (7. klasse): Dette er det einaste nasjonale samanlikningsgrunnlaget skulane har. Resultata til Bygstad skule er svært gode. Sunnfjord kommune ligg over landssnittet på alle parameter, og Bygstad skule ligg over snittet i Sunnfjord på alle parameter. Det er veldig bra. Fagleg utfordring og motivasjon er utviklingspunkt vidare. Stian vil sende ut informasjon til foreldregruppa om resultata frå Elevundersøkinga.

Skulen jobbar også med ei handbok for personalet, som m.a. omhandlar skulen sine verdiar og visjonar, samhandling, kommunikasjon og informasjon, regelmatrise mm.

Elles skal to frå personalet på fagdag med tema innføring i bruk av KI i skulen. Først og fremst aktuelt på mellomsteget i starten.

### **3. Arrangement Bygstad skule 25 år**

Dato for arrangement er avklart med skulen, og blir torsdag 20. mars kl. 17.30 – 20.00. Skulen vil ha open skule på dagtid med inviterte gjestar.

Foreløpig program:

17:30 Kafe og pølsefest startar. Spleis med uttrekk av 5 premiar startar

18:00 Program med elevar

18:15 Utdeling av “mot mobbing” luer til 1. trinn

18:20 Innlegg frå nemnd som jobba for ny skule. 7. trinn har samtidig “bursdagsleikar” for born i BIF (evt. klasserom om BIF ikkje er ledig)

18:45 Kafe og sosialt samvær

19:45 Status innsamling og uttrekking av premiar

20:00 Ferdig

### **4. Status uteområde**

Vi ventar på svar på spelemiddelsøknaden. FAU må dekke berre kr 4 000, dette forutset mykje dugnad. Ingeborg sjekkar søkerfristar til stiftingar mm.

Produktdatablad ligg som vedlegg til referatet.

### **5. 17. mai**

Det vart eit svært lite overskot frå 17. mai 2024, og FAU meiner ein må gjere tiltak for å sikre at ein sit igjen med meir midlar etter arrangementet, særleg med tanke på kor mykje dugnadsinnsats som leggjast ned.

Før årets 17. mai vil FAU:

- Be begge butikkane i Bygstad om tilbod på heile innkjøpet for å sjå om vi kan få betre priser
- Ta ein gjennomgang av både utval i kiosk og prising av kiosk- og kafevarer.
- Søke GIL om å få kjøpe inn fryseboks med glaslokk og kjøleskap med glasdør (til bruk i hallen). Eventuelt sjekke om det er mogleg å få overta brukte kvitevarer. Brus bør hentast/leverast frå butikken på 17. mai.

Basert på mottekne innspel i fjar om moglegheita for å endre programmet for 17. mai slik at oppstart er noko seinare enn kl. 10.00 ønskjer FAU å sende ut forslag til nytt program på høyring til foreldra. Skulen kan stille med program også ved alternativt opplegg. Dette gjerast før møtet i Hovudkomiteen for 17. mai den 3. februar, der Ingeborg og Håvard stiller frå FAU.

### **6. Eventuelt**

Neste møte: måndag 24. februar kl. kl. 19.30. Agenda: søkerfristar og 17. mai. Søkerfrist Sparebankstiftinga: 1. mars.

Produktdatablad på shockpads og kunstgras til ballbingen blir lagt ut saman med dette referatet slik at det blir tilgjengeleg for foreldre.

Møtet varte frå kl. 20.00 – 22.00.